

Saksbehandlar: Annelaug Helene Kjelstad, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/9434-2

Høring - forslag til endringar i vassressurslova og jordlova

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar i hovudtrekk departementet sitt arbeid med forbetringar og effektivisering av lovverket på ulike tema innan vassressurslova og jordlova slik det går fram av høyringsbrev av 02.12.16 frå Olje- og energidepartementet m/vedlegg.
2. Det vert likevel rådd frå å overføre vedtaksmynde og sakshandsaminga for mindre vasskraftsaker til kommunane, slik som det er føreslått høyringsbrevet. Overføring av vedtaksmynde i slike saker til kommunane vil vere ei bagatellmessig overføring av makt til lokalt nivå, samstundes som Norges vassdrags- og energidirektorat har gode faglege innvendingar.

Vedlegg – lenke til dokumenta:

- Høyringsbrev av 2. desember 2016 frå Olje- og energidepartementet med vedlegg.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Olje- og energidepartementet har i brev av 2. desember 2016 sendt på høring framlegg til endringar i lov av 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann (vassressurslova) og lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova).

I vassressurslova er det framlegg om endringar innanfor fire tema, og ei i jordlova - som også skal klargjere forholdet mellom jordlova og energi- og vassdragslovgjevinga.

Det er grunn til å støtte opp om departementet sitt arbeid med forbetringar og effektivisering av lovverket på ulike tema innan vassressurslova og jordlova.

Fylkesrådmannen knyter hovuddelen av saksvurderinga til den føreslegne endringa i mynde til å fatte vedtak saker om konsesjon til vasskraftverkt med inntil 1 MW installert effekt.

I hovudtrekk går framlegget frå departementet ut på å gje mynde til kommunane til både å sakshandsame og fatte vedtak i konsesjonssaker med installert effekt på inntil 1 MW. Grunngevinga frå departementet er godt forankra i intensjonar i Energimeldinga (Meld. St. 25 (205-2016)) og i framlegg til overføring av oppgåver til kommunane i kommunereforma for å styrke lokaldemokratiet. Det er no fylkeskommunen som har delegert vedtaksmynde i slike konsesjonssaker.

Overføring av vedtaksmynde i desse sakene vil likevel vere ei bagatellmessig overføring av makt til lokalt nivå, sidan det har vore få og vi vere få potensielle saker, gitt dagens lønsemd i mindre kraftutbyggingar. Samstundes har Norges vassdrags- og energidirektorat faglege innvendingar mot overføring av mynde.

2. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Olje- og energidepartementet (OED) har i brev av 2. desember 2016 sendt på høyring framlegg til endringar i lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann (vassressurslova) og lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) slik:

«Departementet foreslår endringer i **vannressursloven** på fire områder.

Det foreslås å lovfeste en tilsvarende bestemmelse som i lakse- og innlandsfiskeoven om særlig beskyttelse av laksen ved tiltak i vassdrag.

Departementet foreslår endringer om konsesjonsplikt, aktsomhetsplikt og forvalteransvar for grunnvann. Det er nødvendig med et regelverk som er tilpasset den betydelige økte aktiviteten i samfunnet knyttet til grunnvann. Gjeldende konsesjonsplikt har vist seg vanskelig å praktisere. Det foreslås derfor å innføre en tilsvarende regulering for grunnvann som for vassdrag. Det foreslås også mindre endringer for at vannressurslovens regler skal bli mest mulig lik for vassdrag og grunnvann.

Videre er det foreslått å endre vannressurslovens bestemmelse om retting. Det foreslås en presisering av at vassdragsmyndigheten kan pålegge retting når det konstateres forhold i strid med loven eller vedtak i medhold av loven.

For det fjerde foreslås endringer i vannressursloven som gir kommunene myndighet til å fatte vedtak om konsesjon til vannkraftverk med inntil 1 MW installert effekt.

Departementet foreslår endringer i kommunens behandling av energi- og vassdragsanlegg etter **jordlova**. Det foreslås at jordlovas forbud mot omdisponering og krav til samtykke for deling ikke skal gjelde for tiltak med konsesjon etter energi- og vassdragslovgivningen. Etter ordlyden i jordlova er det i dag kun tiltak etter vannressursloven som er unntatt fra omdisponeringsforbudet. Når det gjelder jordlovas bestemmelse om krav til samtykke for deling, er det allerede i gjeldende jordlov unntak for tiltak etter både vannressursloven, vassdragsreguleringsloven og energiloven. Det er behov for å klargjøre forholdet mellom jordlova og energi- og vassdragslovgivningen. Forslaget vil forenkle behandlingen av slike saker, samtidig som hensynet til jordvern ivaretas fullt ut gjennom konsesjonsbehandlingene.»

Fylkeskommunen har i dag delegert mynde frå NVE og OED for vedtak om konsesjon til vasskraftverk med inntil 1 MW installert effekt, med unntak av saker som gjeld tiltak i verna vassdrag, nasjonale laksevassdrag, konkurrerende prosjekt, behov for samla vurdering av søknader der utbygginga gjeld fleire kommunar, det er fleire prosjekt i same vassdrag eller det er tillegg av annan konsesjonspliktig utnytting.

3. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesrådmannen vil knyte hovuddelen av vurderinga til den føreslegne endringa i mynde til å fatte vedtak i saker om konsesjon til vasskraftverk med inntil 1 MW installert effekt. Endringa vil direkte påverke ansvar og mynde som i dag ligg til fylkeskommunen.

Det er i dag fylkeskommunen som har delegert vedtaksmynde i slike saker. Grunngevinga frå departementet er godt forankra i både intensjonar i Energimeldinga (Meld. St. 25 (205-2016)) og framlegg til overføring av oppgåver til kommunane i kommunereforma for å styrke lokaldemokratiet.

Overføring av vedtaksmynde i desse sakene vil likevel vere ei bagatellmessig overføring av makt til lokalt nivå, sidan det er få potensielle saker gitt dagens lønsemd i mindre kraftutbyggingar. Samstundes har Norges vassdrags- og energidirektorat gode faglege innvendingar mot overføring av mynde i høve bl.a. sakshandsamingstid og kompetanseoppbygging. Sogn og Fjordane fylkeskommune har i perioden 2010 til 2016 ikkje gjort nokon slike vedtak, og OED opplyser at det på landsbasis har vore 13 slike saker i perioden.

OED gjer og i høyringsbrevet greie for dei ulike sakene som er under 1 MW og som vert handsama av NVE. NVE lagar ei innstilling til fylkeskommunen som så fattar vedtak for prosjekt under 1 MW, men det er mange saker som fell inn under unntaksreglar og dermed vert vedteke av NVE. Unntaka gjeld tiltak i verna vassdrag, nasjonale laksevassdrag, konkurrerende prosjekt, behov for

samla vurdering av søknader der utbygginga gjeld fleire kommunar, der det er fleire prosjekt i same vassdrag eller det er tillegg av annan konsesjonspliktig utnytting. Dette gjeld 77 saker på landsbasis i perioden 2010 til 2016.

Dei andre framlegga til endringar i lovverket verkar godt fagleg grunngjeve. Dei kan medføre ei enklare og ryddigare handsaming av saker og lovverket vert lettare å forstå. Fylkesrådmannen peikar på at desse regelendringane i hovudsak ikkje rører ved fylkeskommunal sakshandsaming.

Endringa som gjeld konsesjonsplikt, plikt til aktsemd og forvaltaransvar for grunnvatn kunne vore nærare knytt opp til vassforskrifta, men det er udelt fagleg positivt at lova sine reglar vert mest mogeleg like for vassdrag og for grunnvatn. Fylkesrådmannen vil og peike på at plikt til aktsemd ved tiltak som påverkar grunnvatnet bør knytast inn mot vassforskrifta § 6. Om miljømål for grunnvatn i § 6 står det at:

«Tilstanden i grunnvann skal beskyttes mot forringelse, forbedres og gjenoprettes og balansen mellom uttak og nydannelse sikres med sikte på at vannforekomstene skal ha minst god kjemisk og kvantitativ tilstand, i samsvar med klassifiseringen i vedlegg V og IX.»

4. Konklusjon

OED gjer framlegg om endringar innanfor fire tema i vassressurslova og ei i jordlova, som også skal klargjere forholdet mellom jordlova og energi- og vassdragslovgjevinga.

Det er god grunn til å generelt å støtte opp om departementet sitt arbeid med forbetringar og effektivisering av lovverket på ulike tema innan vassressurslova og jordlova.

Fylkesrådmannen vil likevel spørje om ikkje vassforskrifta skulle vore meir omtala og nærare teke omsyn til i utgreiingane.

Ut frå fylkesrådmannen si vurdering er det den føreslegne endringa i mynde til å fatte vedtak i saker om konsesjon til vasskraftverkt med inntil 1 MW installert effekt fylkeskommunen bør uttale seg om. Det er i dag fylkeskommunen som har delegert vedtaksmynde i slike konsesjonssaker.

Overføring av vedtaksmynde i desse sakene vil vere ei bagatellmessig overføring av makt til lokalt nivå, sidan det er få potensielle saker gitt dagens lønsemd i mindre kraftutbyggingar. Samstundes har Norges vassdrags- og energidirektorat gode faglege innvendingar mot overføring av mynde.